



Dei yngste imponerte med ei flott konsertavdeling

**Denne helga har Uskedal skulemusikk vore på fellestur til Kinsarvik saman med Husnes skulekorps og Rosendal skulekorps. Der hadde dei seminar saman. Både muskantane og foreldra som var med, er mildt sagt begeistra etter helga. Dei brukar skikkeleg trykk på underteikna sitt velbrukte ord FANTASTISK når dei skal beskriva opplevinga.**



Strålende levert av storkorpset under konserten

Med seminaret får dei tre korpsa ein pangstart på sesongen. Samlinga er av uvurderleg betydning både musikalsk og sosialt. Fellesseminaret er kome i stand med støtte frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad, og utan den støtta hadde det vore umogeleg å få til. Det har vore tilsvarande samlingar i 4 år, men dei tre føregåande har vore på heimebane. Alle har vore med støtte frå Kvinnheradstiftinga.

Dei budde på hytter på Hardangertun Feriesenter der det også er oppvarma utandørs badebasseng. Sjølv sagt var det mykje god øving, men det var også tid for andre aktivitetar. På facebook skriv ei mor om ei kjempekjekk helg i Kinsarvik med speling, bading, speling, Mikkelparken, bading, speling, Mikkelparken og konsert. Det heile gjekk tydelegvis med liv og lyst, og det vert meldt at musikantane i dei tre korpsa vart godt kjende med kvarandre, og det vert snakka om meir samarbeid. Muskarane får topp karakter av dei vaksne både for musikkinnsetning og positiv opptreden elles. Det var kjempekjekk å vera saman med dei, vert det sagt!



Mykje kjekke pauseaktivitetar.

Dette året var det Husnes skulekorps som hadde ansvaret for opplegget. Dette var sååå velorganisert frå start til mål, og Anja Strüter i Uskedal skulemusikk rosar gjennomføringa opp i skyene. Både sosialt og musikalsk fungerte det topp! Instruktørane var særst dyktige og kom m.a. frå brassbandmiljøa i Stavanger og på Manger. Det heile vart avslutta med flott konsert med to korps. Dei som nett har starta i korpsa , var sett saman til eit korps, medan det som hadde spelt ei stund utgjorde storkorpset. Flott gjennomført av begge!

Dei håpar sjølvstakt at det vert eit liknande seminar neste år. Då er det Uskedal skulemusikk som står for tur til å stå for opplegget. Anja Strüter fortel at dei er klar til å søkja Sparebank1Stiftinga om midlar. Det håpar eg dei får, for eg er overtydd om at dette er den viktigaste korpshelga for dei tre korpsa gjennom heile sesongen.



Kos å vera på tur med så kjekke ungdommar.



Torger Johan kosa seg på sitt første seminar.



Anja, Linnea og Linnea kosa seg også.



Taco-kveld og nye venner.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Anja Strüter